



Askøy kommune
Klampavikvegen 1
5300 KLEPPESTØ

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marit Lunde, 57 64 30 05

Tilbakemelding etter kommunemøte med Askøy kommune, mars 2025.

Vi viser til hyggeleg og godt møte med Askøy kommune i Strusshamn, 27.03.25. Statsforvaltaren vil takke kommunen for god informasjon, godt førebudde innlegg og ein nyttig dialog om dei sentrale tema som var sette på dagsorden under møtet.

Kommunedialog med kommunebilde er eit satsingsområde for Statsforvaltaren. Kommunedialogen er med på å sikre nasjonale og regionale målsetjingar og interesser, og vi legg vekt på at dialogen skal vere kunnskapsbasert. Kommunebildet er eit digitalt verktøy som gjer det lettare for oss å lage meir treffsikre analysar av risiko og sårbarheit i ein kommune, for dei fag- og forvaltningsområda der Statsforvaltaren har eit ansvar for å følgje opp kommunane.

Vi førebur eit kommunebilde før vi besøker kommunen. Kommunebildet dannar grunnlaget for val av tema til dialogen med kommunen. Ut frå dialogen i møtet avtalar vi gjerne nærmare oppfølging av utvalde tema. Kommunebildet blir oppdatert etter møtet, lagt ut på nettsida til Statsforvaltaren og blir tilgjengeleg for alle interesserte. For administrasjonen og kommunepolitikarane kan kommunebildet gje signal om utfordringar det er viktig å ta tak i for kommunen.

Utvalde sentrale tema for nærmare dialog i møta er inndelte etter overordna oppgåver og roller til kommunen som:

- tenesteytar og myndigheitsutøvar
- styring og forvaltning
- samfunnsutviklar og demokratisk arena.

Etter møtet med dykk har vi overordna samanfatta sentrale tema som var til drøfting etter nemnde inndeling. Vi har lagt vekt på informasjon frå kommunen med bakgrunn i at kommunebildet til Askøy var grunnlaget for dialogen i møtet. Tilbakemeldinga vår må såleis lesast i den samanhengen.

Ordførar Yngve M. Fosse ynskte velkommen og innleia dagen med informasjon om kommunen som samfunn, om utvikling og om nødvendige kommunale investeringar som er utfordrande, men som er heilt nødvendige med tanke på kommuneøkonomien.

Statsforvaltar Liv Signe Navarsete leia dagen vidare.



Tenesteytar og myndigheitsutøvar

Tenesteområda for skule, barnehage og familie og inkludering, vart henholdsvis presenterte av sektorsjefane Frode N. Monsen, Ann Iren Larsen og Torill Svendsen.

Bemanningsnorm, utviklingsbehov og utfordringar framover var stikkord for dialogen.

Kvalitetsmelding frå SFO viser at sektoren har ein høg «turnover», og det er mange deltidsstillingar i skulen. Dette fører til ein krevjande arbeidssituasjon. Skulen er opptekne av mobbing, utanforskap og bekymringsfullt fråvær, og det er ønskje om meir midlar til tidleg innsats. Lesing har hovudfokus, og det er behov for meir midlar til spesialpedagogikk.

I barnehagane er det eit godt miljø og god fagleg kompetanse, og dei har lange opningstider (10 t.). Dei opplever også eit høgt sjukefråvær, som gjer dei avhengige av bruk av vikarar. I tillegg er det no fleire barn som har meir spesielle behov, slik at dette går ut over tiden dei kan bruke på resten av barna. Det er mange ledige barnehageplassar i kommunen og barnetalet er på veg ned. Det er nødvendig å sjå på strukturar og «skifte ut» gamle bygningar som eignar seg dårleg for dagens situasjon. Vi har (etter møtet) motteke e-post med endringar knytt til områdebile for barnehagar frå Ann Irene Larsen. Vi har no retta kommunebildet i samsvar med desse.

Når det gjeld familie og integrering opplever ein det same (ein auke) når det gjeld spesielle behov, noko som betyr tettare oppfølging og fleire tiltak både i heimane og i skulen. Oppmodinga frå sektoren er at ein treng fleire folk, og ein spør seg om kva kommunen og samfunnet kan gjere for at folk skal bli verande i jobb. Ein treng meir spesialpedagogikk og meir individuell tilrettelegging.

Som nemnt i møtet av Anne Hjermann, direktør for utdanning og verjemål hjå Statsforvaltaren, var Askøy deltakarar i møte med kunnskapsdepartementet, knytt til dei nasjonale bekymringane til skulefråvær og utanforskap, og kommunen gav gode/konstruktive tilbakemeldingar på dette. Tenesteområdet vert oppfatta som svært regelstyrt, og ein treng å finne løysingar som krev samarbeid med andre. Kommunedirektøren uttrykte at det er høge krav til strukturkvalitet. Det blir derfor mykje fokus på dette, og mindre på resultat og kvalitet i tenestene. Politikarane er opptekne av eit trygt og godt skulemiljø, og er uroa for utviklinga ein ser, og at inntektene no ikkje samsvarar med utgiftene i sektoren.

Tenesteområde for helse og omsorg

Dialogtema var knytte til omsorgstenester med heilskapleg planlegging for berekraftig utvikling med fleire eldre, fagpersonell med relevant kompetanse, tverrfagleg innsats, fastlegesituasjon og miljøretta helsevern.

Sektorsjef Anne Kjersti Drange orienterte om tenestene, og korleis kommunen organiserer dette tenesteområdet med bufellesskap, avlastningsbustader for barn og unge, to sjukeheimar og eitt bu- og omsorgssenter. Der er også ein eigen avdeling for utviklingshemma. Kommunen har elles tilbod om rehabilitering, og ein frisklivssentral. Kommunen ser konsekvensane av demografiendringane framover, og er opptekne av å beholde og å rekruttere tilsette inn i tenestene.

Sektoren ser at det er eit behov framover for «netto» heildøgns plassar, og at ein bør differensiere strukturen når det gjeld omsorgsbustader. Det er også behov for å reetablere plassar når det gjeld ressurskrevjande brukarar. For å betre bemanningsordningane kunne det vore ei løysing å innføre langvakter. Når det gjeld heimetenestene har ein innført programmet Sider - som er eit ruteoptimaliseringsverktøy, og jobbar med e-helse og velferdsteknologi. Det er også dagtilbod til heimebuande eldre, og ambulerande tenester for barn og unge.



Som mange andre kommunar opplever ein også høgt sjukefråvær i denne sektoren. Fastlegeordning og miljøretta helsevern vart drøfta, og sett opp imot det forventningsgapet som ligg i kommunen sitt ansvar knytt opp til lover og forskrifter. Det er vikarar inne i fleire av fastlegeheimlane, og ein manglar legar. Det er om lag 870 pasientar per liste.

Styring og forvaltning i kommunen.

Dialogtema var kommuneøkonomi, eit endra utgiftsbehov og økonomisk styring og prioriteringar framover.

Assisterande kommunedirektør Marit Rinnan orienterte om den økonomiske situasjonen. Renteoppgangar, koronakompensasjon som no er teke vekk, energibehov og aukande prisar, har ført til auka kostnader. Kommunen opplever også auka utgifter innanfor oppvekst- og helseområda. Kommunen fekk eit stort negativt resultat i 2024, og har vurdert at det er nødvendig å gjere grep og tiltak med varige omstillingar/endringar. Kommunen har framleis få eldre samanlikna med folketalet, men det må påreknast stor vekst i dei eldre aldersgruppene i kommunen i åra framover. Lånegjelda er høg og dette er utfordrande i tider med renteoppgangar.

Når det gjeld investeringar opplever ein store VAR-utfordringar og vedlikehaldsetterslep, som krev utbetring og nødvendige investeringar. Dei kommunale utgiftene for innbyggjarane aukar mykje på grunn av dette i åra som kjem. Administrasjonen og politikarane står i utfordrande prosessar, for å gjere dei nødvendige omstillingane og tiltak som trengst framover.

Samfunnsutvikling og demokratisk arena.

Dialogtema her var om miljø og klima – naturmangfald, arealbruk, vatn og avløp, og kommunal planlegging.

Sektorsjef for teknisk Jarl Helmer Svanberg, og for plan og bygg Knut Natlandsmyr, orienterte om sektoren generelt, og arbeidet om nye investeringar knytt til vatn og avløp.

Ny KPA (kommuneplanen sin arealdel) skal drøftast i formannskapet 29. april, og ein vil etter kvart få erstatta gamal plan frå 2012. Kommunen opplever krevjande rekkefølgekrav knytt til områdeplanen for Kleppstø. Kommunen jobbar elles godt med å få på plass ein oppdatert arealdel.

Kommunen har ein del dispensasjonar. Ein oppdatert KPA kan bidra til å redusere dette. Å få på plass ein oppdatert KPA er viktig for sikre ei berekraftig arealforvaltning.

Generelt er det frå kommunen og det politiske nivået, einigheit om det krevjande arbeidet knytt til VA og ny KPA. «Alt» ligg i nærheiten av sjø, noko som utfordrar bildet spesielt. Når det gjeld Hanøytangen blir det peika på støy, og at det ikkje finst retningslinjer på lågfrekvent støy. Dei ber Statsforvaltaren ta dette vidare.

Det blir og peikt på at det er grunnforureining i enkelte område på øya. Transformerings av desse areala er kostnadskrevjande.

Med helsing

Synnøve Stalheim
kommunedirektør

Marit Lunde
Seniorrådgjevar



Dokumentet er elektronisk godkjent